



Anita Fridbjørg Mongstad Grenth
Maries Vei 30
1363 Høvik

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/371 - 23/5446

Sakshandsamar:
Rolf Martin Raknes
rolf.martin.raknes@fedje.kommune.no

Dato:
07.11.2023

Svar angående krav om hevd og bruksrett på parkeringsareal

Viser til dykkar brev om parkering og krav om hevd.



Per dato er grunnen vegen ligg på umatrikulert. Det vil seie at veggrunnen manglar eigar i matrikkelen. Men kommunen er vegmynde sidan dette er kommunal veg. Ut frå dette vil det etter kommunen si vurdering vera rett å sjå på ein eventuell ny rett/hevd til parkering ut frå kommunen sine omsyn til drift av kommunal veg. I samband med ei slik vurdering er det grunn til å hevde at etablering av parkering så tett på kommunevegen ikkje ville verte godkjend i dag, av omsyn til vegdrifta.

Kommunen bestrider ikkje vitneserklæringa frå E.Walderhaug , eller at denne parkeringsordninga kan ha vore sedvane mellom grannane og kommunen tidlegare, men å omgjere dette til ein bruksrett(rett til parkering) vil ikkje vera mogeleg slik kommunen ser det (ref vurderinga over).

Kommunen vil oppmoda dykk og næraste grannar om å finna ei god løysing for parkering og framkome i området. Den beste løysinga ville vera om parkering plasserast på eigen grunn. Kommunen vil vera positiv til ei løysing med avkjørsle/parkering inn til dykkar eigedom frå kommunevegen, om det er praktisk mogeleg.

Ta gjerne kontakt med underteikna om dykk vil diskutere omkring mogelege løysingar i det vidare.

Med helsing

Rolf Martin Raknes
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anita Fridbjørg Mongstad Grenth

Maries Vei 30

1363

Høvik